

MØTEBOK
REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 25.2.2022

Stad: Flå

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tore Haraldset, Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå kommunedirektørutvalet

Karsten Dideriksen, Ål kommune
Henrik Skovly, Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune
Stephan Gundersen, Hemsedal kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Jan Olav Helling, dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal
Knut Arne Gurigard, Seniorrådgjevar

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Magnus Weggesrud, pol.
Bjørn Siem Knudsen, adm

Forfall

Pål Rørby Hemsedal kommune
Hege Mørk Gol kommune
Ole Johnny Stavn Hol kommune
Heidi Westbye Nyhus Fylkesråd for utdanning og kompetanse
Iselin Stavn Haugo Pol.

SAK 011/22 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 17.12.2022**Vedtak:**

Protokollen frå møte Regionrådsmøte 28. januar 2022 er godkjent.

SAK 12/22 SØKNAD OM STØTTE TIL STARTUP EXTREME.**Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal støttar Startup Extreme sin søknad med 1/3 av dei dokumenterte kostnadane med flytting av arrangementet, avgrensa til kr. 250 000.
2. Det er ein føresetnad for regional støtte at også Hemsedal kommune støttar søknaden.
3. Hallingdal skal promoterast og Hallingdalslogoen skal nyttast i marknadsføringa av arrangementet
4. Midlane skal takast av næringsfondet.

SAK 13/22 STATUS SAMFERDSEL – VEG, BANE KOLLEKTIVSATSING

Knut Arne informerte om framdrifta på Ringeriksbanen, om vegar og vegplanlegging i Hallingdal.

SAK 14/22 VIKEN - KVA NO? KORLEIS SKAL HALLINGDAL RIGGE SEG FOR Å KUNNE BIDRA OG PÅVERKE INN EIN NY FYLKESSTUKTUR?

Fylkestinget vedtok den 23. feb. at Viken fylkeskommune skal oppløysast. Regionrådet drøfta korleis ein skal rigge seg for å kunne påverke i prosessen mot ny fylkeskommune. Me ønskjer å vera tidleg på banen og ta ei aktiv rolle. Me har god erfaring med å vera ein positiv samarbeidsaktør, for å markere oss som ein offensiv og konstruktiv region i det nye fylket.

SAK 15/22 RESTANSELISTE 2021

Restanseliste 2021 og uløyste saker frå 2017-2020 vart gjennomgått og landa, sjå vedlegg.

SAK 16/22 OPPFØLGING AV DIALEKTSAKA

Heidi Granli orienterte om eit møte med mållaga i dalen, om fleire idear og moglege tiltak og om at det blir eit nytt møte med mållaga ganske snart.

SAK 17/22 BUSTADSITUASJONEN I HALLINGDAL

Regionrådet drøfta bustadsituasjonen i Hallingdal og kva som kan gjerast. Det vart ikkje konkludert, men fleire tiltak vart lufta:

- Setja av sentrumsnære areal til bustadutvikling for framtida.
- Følge opp buplikt for å sikre bustader for fastbuande, der dette er aktuelt.
- Kommunen må bidra til at det er tilgjengelige bustader og tomter i sin kommune. Dette kan skje ved samarbeid med private grunneigarar, ein meir «aktiv» reguleringspolitikk, kommunale oppkjøp av bustader og tomter.
- Samarbeide regionalt om profilering av Hallingdal som bustad
- Tema i den regionale bu- og blilystsatsinga.

SAK 18/22 FRIVILLIGÅRET 2022

Solveig har kome med eit forslag om ei regional markering av frivilligåret 2022 - gjerne i form av eit arrangement der mangfaldet av frivillige i kvar kommune får vist seg fram og der innsatsen til dei frivillige blir sett pris på og heidra.

Vedtak:

Ordførarane sjekkar ut interessa i sine kommunar. Saka blir tatt fram att i mars-møtet.

SAK 19/22 KYRKJENE I HALLINGDAL PÅ HD NETT.**Vedtak:**

Saka vart utsett til neste møte

SAK 20/22 NYTT FRÅ VIKEN

Bjørn Siem Knudsen orienterte om nytt frå Viken. Sjå vedlagte presentasjon

SAK 21/22 INFO OM TRÅKK'N ROLL. LARS WRAA JENSEN

Lars Wraa Jensen informerte om kva som er nytt i sykkelsatsinga i Hallingdal, om stibygging og samarbeidet med reiselivsfagsskulen på Geilo.

SAK 22/22 DRØFTING STRAUMSTØTTE, GRØN OMSTLLING OG ENDRING INNTEKTSSYSTEM

Odd Egil orienterte om straumprisar, straumstøtte og mogeleg endring inntektssystemet.

Han ville gjera kommunane klar over dei dramatiske utslag det kan få, dersom kraftinntekter og kraftskatt blir innlemma i inntektssystemet.

SAK 23/22 EVENTUELT**Status - Sats på Hallingdal v/Jan Olav**

Jan Olav orienterte om at hovudprosjektet no har kome i gong, at programleiar for prosjektet har starta opp, og at styringsgruppa er på plass og har hatt første møte..

Klima Viken – styringsgruppe**Vedtak:**

Merete Høntorp Gandrud blir Hallingdal sin representant i Klima Viken

Straum og næringsliv i Hallingdal**Vedtak:**

Regionrådet sender eit brev til finans, energi, kommunal og næringsdepartementet der me understrekar kor alvorleg situasjonen er for næringslivet regionalt hjå oss, og der me forventar snarlege avgjerder for både kortsigtige og langsiktige tiltak.

Presentasjon av Gloppenmodellen

Karsten presenterte Gloppenmodellen, ein **samarbeidsmodell der NAV, fylkeskommune, kommune og næringslivet jobbar saman for å få hovudmålgruppa, flyktningar og minoritetsspråklege, ut i jobb**

Hallingdal 4. mars 2022

Jan Olav Helling

Dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal